

Planleggingsprogram fylkesvegnettet 2011 - 2013

Fylkesrådmannen rår hovudutval for samferdsle til å gje slik tilråding:

Hovudutvalet rår fylkesutvalet til å gje slik tilråding:

Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:

- 1 Framlegget til planleggingsprogram for fylkesvegnettet vert godkjent slik det ligg føre i vedlegg datert 03.05.2010.
- 2 Årlege planleggingsmidlar vert å fordele endeleg i samband med handsaminga av dei årlege budsjetta.

Prenta vedlegg:

Framlegg til langtids planleggingsprogram 2011 - 13

Uprenta vedlegg:

Saksframstilling

1. BAKGRUNN

Bakgrunn for at saka er reist

Fylkestinget godkjente handlingsprogram for fylkesvegnettet i møte den 8.12.2009, sak 73/09. I samband med handsaminga av handlingsprogrammet varsla fylkesrådmannen at det skulle utarbeidast eit planleggingsprogram for fylkesvegnettet for perioden 2010 – 13. I møte den 20.01.10, sak 4/10 vedtok hovudutval for samferdsle fordelinga av planleggingsmidlar til fylkesvegar for 2010.

Løyvinga til planlegging i 2010 vart fordelt slik:

| | | |
|---|----------------------------------|--------------|
| a | Olden – Innvik (Ugla – Skastein) | kr 1 000 000 |
| b | Hornindal X E39 – Møre gr. | kr 1 500 000 |
| c | Bjødnebakken | kr 1 000 000 |
| d | Buskredene | kr 500 000 |
| e | Lindeskreda | kr 500 000 |
| f | Kabelferje Hisarøy | kr 400 000 |
| g | Algøya | kr 100 000 |

Statens vegvesen region vest (SVV) har no utarbeidd eit framlegg til planleggingsprogram for fylkesvegnettet for 2011 - 2013

Problemanalyse

I framlegget til langtids planleggingsprogram er det sett fokus på tida fram til og med 2013. SVV har også synt kva dei meiner dei kan vente med å planlegge til etter 2013 ut frå gjeldande prioritering. Det er teke utgangspunkt i prioriteringar og marginallister i ”Handlingsprogram for fylkesvegnettet 2010-2013 (19) og ordlyden i vedtaket som Fylkestinget gjorde då dei handsama dette, samt ”Rammeavtale mellom Sogn og Fjordane fylkeskommune og Statens vegvesen region vest”.

Planleggingsprogrammet må tolkast som eit handlingsprogram for planlegging, der dei årlege planleggingsmidlane vert endeleg fordelte i samband med handsaminga av dei årlege budsjetta.

Omtale av prioriteringa

Det er hovudsakleg gjort følgjande prioritering mellom prosjekta:

1. Prosjekt som skal gjennomførast i 2010-2013
2. Marginalprosjekt i 2010-2013
3. Prioriterte prosjekt i 2014-2019
4. Marginalprosjekt i 2014-2019
5. Marginalliste - uprioritert

For åra 2011 til 2013 er vedteken ramme til planlegging på 5 mill. 2010-kr pr år lagt til grunn. Det er nytta fargekodar for å syne kva plannivå SVV meiner er mest aktuelt for dei ulike prosjekta.

Sams vegadministrasjon

Det er lagt til grunn at det hovudsakleg er planlegging etter plan- og bygningslova som skal finansierast med planleggingsmidlar, og at overordna utgreingar for ein stor del kan finansierast gjennom *sams vegadministrasjon*, innanfor ramma i leveranseavtalen mellom Statens vegvesen og fylkeskommunen. Dette gjeld fleire av prosjekta på marginalliste for store samband, der SVV meiner det er nødvendig å avklare ambisjonsnivå før formell planlegging vert sett i gang, men også der det skal gjerast mindre, punktvis utbetringar for å betre framkomsten:

- Fv. 57 Dale-Storehaug, med bru over Svesundet

- Fv. 611 Naustdal - Vevring
- Fv. 615 Sandane - Storebru
- Fv. 609 Stongfjorden - Askvoll
- Fv. 55 Vadheim - Dragsvik
- Fv. 55 Sogndal – Sognefjellet
- Fv. 331 Skjolden - Urnes
- Fv. 601 Måløy-Vågsvåg
- Fv. 661 Haugen - Myrøld
- Fv. 243 Utbetrings tiltak Aurland - Lærdal
- Fv. 92 Framfjorden

I tillegg til dei prosjekta som er lista opp her, kan det vera aktuelt å laga fylkesvise temaplanar som grunnlag for framtidig rullering av handlingsprogrammet for fylkesvegnettet. Aktuelle planar kan til dømes vera prioritering av gang- og sykkelvegar, rasteplassar, miljøtiltak eller anna.

Store prosjekt

I 2010 vert reguleringsplanen for fv. 60 Olden – Innvik, parsellen Ugla – Skarstein, fullført og godkjent. Det vert starta arbeid med reguleringsplan for kabelferje til Hisarøy og kommunedelplan for fv. 60 Hornindal – Møre grense. Desse må ha sluttfinansiering i 2011.

Fylkestinget vedtok 8. desember 2009 at det skal setjast i gang arbeid med oppdatert kostnadskalkyle for bygging av bru over Ytre Steinsund og Atløysambandet, samt sjå kor mykje av desse som kan finansierast gjennom ferjeavløysingsmidlar og rentekompensasjonsmidlar.

Atløysambandet

For Atløysambandet vart det gjort ny vurdering av kostnadsoverslaget for gjeldande hovudplan i 2008. Denne konkluderer med at ein bør sjå på aktuelle løysingar på nytt i høve dagens krav til undersjøiske tunnelar, samt vernestatus for øyane. Dette bør skje gjennom kommunedelplan med konsekvensutgreiing. Vi kan likevel oppdatere overslaget til prisnivå 2010.

Ytre Steinsund

Når det gjeld Ytre Steinsund meiner vi det er aktuelt å gjera ein tilsvarande jobb med forprosjektet frå tidleg på 1990-talet.

45-minuttregionen

Fylkestinget er innstilt på å setje av midlar til planlegging av vegparsellane i 45-minuttarregionen i perioden 2010-2013. Vi foreslår å setja av til saman 2 mill. kr til kommunedelplanar på strekninga i 2012 og 2013. Bremanger kommune har starta arbeid med kommunedelplan på strekninga Svelgen – Indrehus og har varsla oppstart av planlegging av nytt ferjesamband i Ytre Nordfjord. Behovet for planmidlar vil måtte justerast i samband med årleg fordeling av midlar.

Utbetring av fylkesvegar

Innanfor denne posten er det teke omsyn til kor tid oppstart av tiltaka er prioriterte. Det vert foreslege å lage reguleringsplan for tiltak som står som marginalprosjekt i 2010-2013 i 2011. For ein del av tiltaka vil det vera nødvendig å avklare kva som er dei mest aktuelle tiltaka på strekninga før vidare planlegging vert sett i gang.

Gang- og sykkelvegar

Også her er det teke omsyn til kor tid prosjekta er prioritert starta. Det skal utførast en del planarbeid på riksvegnettet i Førde (kommunedelplan for E39 gjennom Førde) som får konsekvensar for fylkesvegnettet. Planlegging av gang- og sykkelvegar i kommunen må tilpassast dette arbeidet.

Rassikring

Dei rassikringsprosjekta som er prioriterte innanfor post 31 rassikring i perioden 2010-2013 har fått planmidlar i 2010. Nokre av dei vil truleg trenge planmidlar i 2011 også. Det vert foreslege å starte planlegging på fleire av rassikringsprosjekta som fylkeskommunen har prioritert i 2012 og 2013. For vidare sikring av fv. 92 mellom Vik og Framfjorden vert det foreslege å greie ut nærare kva som er aktuelle tiltak. Her vart det utført reinsk og sikring etter ras i 2009.

2. VURDERING OG KONSEKVENSA

Framlegget til eit langtids planleggingsprogram er delt opp i tre ulike element. Utreiingsarbeid, som vert finansiert gjennom sams vegadministrasjon, kommunedelplanarbeid og reguleringsplanarbeid som vert finansiert over fylkeskommunen sine planleggingsmidlar.

Planleggingsprogrammet er utarbeidd som følge av og i tråd med fylkestinget sine prioriteringar i handlingsprogram for fylkesvegnettet 2010 -2013 (19).

Planleggingsprogrammet syner kva planarbeid som kan gjennomførast innanfor ei planramme på 5 mill kr pr år og legg opp til planlegging innan kategoriane store prosjekt, utbetring av fylkesvegnettet, gang- og sykkelvegar, trafikktryggingstiltak, miljø- og servicetiltak/ kollektivtrafikktiltak og rassikring.

Ei grov kostnadskalkyle syner at alt planarbeid som planleggingsprogrammet tek opp er rekna til om lag 27 mill kr. Då er ikkje kostnader til planlegging av Naustdal – Vevring, tunnel under Rørvikfjellet, Sandane – Storebru, Stongfjorden – Askvoll, Vadheim – Dragsvik og Sogndal – Sognefjellet rekna med. Desse prosjekta er no på eit utgreiingsstadium der det er trong for avklaring av fylkeskommunale ambisjonar m.m. Utreiingsarbeid på overordna nivå vert finansiert gjennom sams vegadministrasjon. Når vi kjem ned på planlegging etter plan- og bygningslova, vil det vere eit fylkeskommunalt finansieringsansvar. Kostnadene for planlegging etter plan- og bygningslova er ikkje rekna på for desse prosjekta.

Vedteken planleggingsramme er på 5 mill kr pr år fram til og med 2013. Planmidlane for 2010 er fordelt i eige vedtak i hovudutval for samferdsle i januar 2010. Planleggingsprogrammet omtaler alle prosjekt i fylkestinget sitt vedtak i desember 2009, både prioriterte og uprioriterte prosjekt og marginallister. Dersom alt dette skal planleggast i perioden 2010 – 13, må planleggingsramma aukast. Planleggingsprogrammet legg opp til å gjennomføre planlegging i samsvar med dei planrammene som er gitt i handlingsprogrammet, dvs 5 mill kr pr år i perioden 2011 – 2013.

Det vil ikkje vere slik at ei auka planramme vil medføre meir planarbeid, først og fremst på grunn av at planleggingskapasiteten til Statens vegvesen er sprengt. Planlegging etter plan- og bygningslova er svært ressurskrevjande. Det må vere ein samanheng mellom tidspunktet for planlegging av prosjekt og prosjektering og gjennomføringstidspunkt. Framlegget til planleggingsprogram prioriterer difor dei prosjekta som er prioriterte i handlingsprogrammet.

3. KONKLUSJON/TILRÅDING

Framlegget til langtids planleggingsprogram er i tråd med fylkestinget sine prioriteringar i handlingsprogram for fylkesvegnettet 2010 – 13. Grove kostnadsoverslag syner at planleggingsramma må aukast vesentleg dersom alt planarbeidet skal gjennomførast i perioden 2011 - 13. Fylkesrådmannen tilrår planleggingsprogrammet for 2011 – 13 innanfor dei planleggingsrammene som er fastlagde gjennom vedteke handlingsprogram for fylkesvegnettet. Årlege planleggingsmidlar vert å fordele endeleg i samband med handsaminga av dei årlege budsjetta.